

## ÅRSMELDING FOR BYGDELAGET 5915, 2022

Normaliteten etter covid var tilbake for fullt i mars 2022. Det betyr at bygdelaget klarte å samla mange sambygdingar til ulike aktivitetar og kortreist glede der folk bur, som er eitt av måla i Liv og Lyst-prosjektet

### Liv og Lyst-samling

**Fredag 11. mars var Bygdelaget 5915/LivOGLyst Hjelmås vertskap for ei LivOGLyst-samling med 50 engasjerte LivOGLyst folk frå heile Vestland.**

Hjelmås fekk presentera sitt utviklingsprosjekt som me har arbeidd med sidan 2018 – om å skapa kortreist glede her me bur. Ein tur nedom hjarta i bygda, Hjelmås kai vart det også, før det var fiskesuppe og kultur i naustet til Øystein Angelskår. Vår eigen ordførar var også med på arrangementet.

### Loppemarknad i Storstova

Ein varm og fin vårdag vart det arrangert loppemarknad, der folk fekk selja kle og utstyr, både inne i Storstova og ute på plassen.

### Årets sambygding

Jon Arne Hopsdal vart årets sambygding for sin årelange innsats med å passa på turstiane våre, og halda styr på registreringane i Gladihaug-boka. Gladihaug-pokalen kunne feira 50 års innsats for folkehelsa i 2022, og denne gong var det brørne Andreas og Johannes Vikingsen Weimer som vart premierte for heile 217 turar.

### Bygdevandring

**Siste søndagen i mai vart ein god dag for alle dei nær 30 personane som hadde tatt på seg gode tursko og gjekk i lag frå Apalen og innover Vassbygda.**

Mottakar av prisen for Årets sambygding, Jon Arne Hopsdal, tok på seg guide-oppgåva, i samarbeid med bygdelaget. Yngve Fyllingen hjelpte til med gode historier og forteljingar frå sitt nærrområde. stiar.

### Stirydding

**No kan stien til Myråsen gjerast betre med kloppar og bruer over dei våtaste partia.**

Bygdelaget har søkt og fått støtte frå kommunen til prosjektet. Laurdag 2. juli kom to benkar på plass, og ein fin dugnadsgjeng på ni personar stilte for å bera og montera benkane. Bygdelaget treng framleis folk til dugnad for å rydda stien og å bere på plass benkar, bruer og kloppar og slikt.

## **Seinsommardag på kaien**

**Piratane var det store trekkplasteret for både store og små, då bygda samla seg til ein fin seinsommardag på Hjelmåskaien.**

Sidan 2022 var frivillighetens år, inviterte bygdelaget også andre organisasjonar til å marknadsføra seg under arrangementet. Blant anna gjorde Midtgård bedehus sine folk stor suksess med Hjelmåsmeisterskapet i å gå på vatnet!

## **Vandrande matfestival**

**Gleda var stor over at det endelig vart vandrande matfestival, etter to år i «dvale».**

Det var rekordpåmelding, og heile 46 gjestar spaserte i grupper mellom fem heimar for å forsyna seg med deilige rettar og godt selskap gjennom den milde novemberkvelden.

## **Romjulscup**

**Elleve lag med fantasifulle namn og entusiastiske spelarar fekk fart på julekaloriane i årets romjuls cup i Storstova på Hjelmås.**

Dei som gjekk av med sigeren var Trille Ball, medan Langrennsportens venner kom på andre plass. Laga Raunis og Hellesneset delte tredjeplassen.

## **Saum og redesign**

**Både vår og haust vart det arrangert saum og redesign i Steinarstova.**

Desse kveldane samlast handarbeidsinteresserte, både erfarne og nybegynnarar, og deler kunnskap og handarbeids glede. Tiltaket er blitt veldig populært etter kvart som det er blitt gjort kjend.

## **Økonomi og medlemskap**

**Økonomien i Bygdelaget har i 2022 vore god. Årsresultatet viser eit overskot på ca kr. 5 000. Likviditeten gjennom året har difor vore god.**

Medlemskontingent-innbetalingane frå bygdefolket har også i år vore lågare enn førre år. Me har hatt ein nedgang på om lag 22 prosent samanlikna med 2021; 37 innbetalingar mot 49 i 2021.